

ÅPENHEITSLOVA – Redegjering på nettsida Bilhuset Førde AS

Verksemda og driftsområdet

Verksemda vår er organisert på følgjande måte:

Bilforhandlar, sal av nye og brukte bilar, samt verkstad og delesal. Alle innkjøp skjer via importørar i Noreg.

Retningslinjer og rutinar

Vi har etablert følgjande retningslinjer og rutinar for å handtere faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold:

Åpenheitslova

Åpenheitslova trådde i kraft sommaren 2022, og verksemda er omfatta av denne lova. Verksemda er positiv til eit lovverk som fremjar respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Åpenheitslova kan knytast til fleire av FN sine berekraftsmål – til dømes mål nr. 8 om «Anstendig arbeid og økonomisk vekst» og mål nr. 12 om «Ansvarleg forbruk og produksjon».

Redegjering for aktsomheitsvurdering

Det finst ulike risikomoment knytt til ulike bransjar og verksemdar. Verksemda vår er basert i Noreg, som vanlegvis vert rekna som eit land med låg risiko for brot på menneskerettar og arbeidsforhold. Bilbransjen er generelt heller ikkje rekna som spesielt risikoutsett.

Men innan bilpleie har det vore avdekka useriøse aktørar, og mindre verkstadar kan ha risiko for liknande uregelmessige arbeidsforhold. Døme på slike forhold kan vere for låg løn, urettmessig tilbakehald av løn og andre tvangslignande situasjonar.

Vidare er det viktig å gjere vurderingar rundt leverandørkjeda til verksemda, med tanke på risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Når desse vurderingane vert gjort, støttar vi oss på prinsippa om risiko og forholdsmessigheit som ligg til grunn for Åpenheitslova.

Bilpleie

Mange aktørar i bilbransjen vel å kjøpe tenester innan bilpleie og klargjering frå eksterne leverandørar. Verksemda vår løysar desse oppgåvene delvis med egne tilsette og delvis med innkjøpte tenester frå godkjent leverandør. Dette gjev oss god kontroll på arbeidsforholda innan dette området.

Leverandørkjeda

Ein bil består av fleire tusen delar. Leverandørkjedene til ein bil er omfattande, med fleire titals tusen leverandørar. Ulike råvarer har ulike verdikjeder, innkjøpsstrukturar og geografisk opphav.

Fleire verdifulle og kritiske råvarer kan berre skaffast frå nokre få geografiske område. Desse områda kan vere prega av korrupsjon, konflikt, svak rettstryggleik og manglande handheving av arbeidslivslovgiving. Mange av dei mest alvorlege risikoane i bilindustrien finst i råvareleddet.

Tett oppfølging av leverandørkjeda er arbeidskrevjande, og i nokre tilfelle nesten uoverkommeleg.

I verksemda vår er det i hovudsak bilar og bildelar som vert kjøpt inn. Verksemda har analysert dei mest vesentlege leverandørane og innkjøpa som vart gjort i 2022. I arbeidet med å undersøkje leverandørkjeda, er vi i praksis nøyddde til å støtte oss på det arbeidet leverandørane sjølve gjer på dette området.

På nettsidene deira finst det grundige redegjeringar for korleis dei arbeider med berekraft og sosialt ansvar, samt spesifikt med Åpenheitslova. Sjå meir informasjon på nettsidene til utvalde leverandørar i eige vedlegg.

Verksemda vil halde fram med kartlegginga av leverandørane våre, og vurdere kvar risikoen for brot på menneskerettar og uanstendige arbeidsforhold er størst. Dette kartleggingsarbeidet vil danne grunnlag for vidare prioritering av innsatsen vår.

Resultat frå aktsomheitsvurderingane

- **Faktiske negative konsekvensar:**
Så langt er det ikkje avdekka negative konsekvensar utover det som er normalt i bransjen.
- **Vesentleg risiko for negative konsekvensar:**
Så langt er det ikkje avdekka vesentleg risiko utover det som er normalt i bransjen.
- **Tiltak for å stanse avdekka negative konsekvensar:**
Ikkje aktuelt per no.
- **Tiltak for å avgrense vesentleg risiko:**
Bevisstgjeriing i organisasjonen om retningslinjer og aktsomheitsvurdering ved inngåing av nye kontraktar og samarbeidspartnarar.
- **Resultat eller forventa resultat av tiltak:**
Førebels ikkje relevant.

Kontaktinformasjon

Ved spørsmål utover dette, ta kontakt med oss på e-post: krl@bos.no

Kim Ronny Lykkebø

Dagleg leiar - Bilhuset Førde AS